



«Me står saman for ein trygg oppvekst i eit aktivt og inkluderande læringsmiljø»

## **Oppfølging av elevfråvær**

### **Ansvar og mynde: Ansvarsfordeling**

- Sidan elevane har ei plikt til opplæring i grunnskulen, må føresette søkje om permisjon dersom barnet skal vere borte frå skulen av andre grunnar enn sjukdom.
- Det er foreldra sitt ansvar at elevane møter på skulen.
- Det er kontaktlærer og rektor sitt ansvar at det vert sett inn tiltak ved fråvær.
- Det er skulen/rektor som har saka, sjølv om ho vert meld vidare i systemet.

### **Handling ved fråvær:**

1.

Føresette nyttar Min Skoleapp`en til Visma for å melda frå om fråvær, eventuelt kan fråvær meldast gjennom Visma Flyt Skole: <https://skole.visma.com/luster>.

2.

Ved tre (3) dagars samanhengande fråvær, kontaktar dei føresette skulen. Dersom dette ikkje skjer, tek skulen kontakt med heimen. Kontaktlærer utarbeidar kvar månad ei oversikt over tal fråværs-dagar for alle elevar i si gruppe/klasse.

3.

Ved fem (5) dagars einskildfråvær i ein månad, kontaktar skulen v/kontaktlærer dei føresette.

4.

Dersom ein elev har vore borte fem (5) einskild dagar, eller har stort timefråvær i kvar månad over ein tomånadars periode, vert dei føresette innkalla til drøftingsmøte der skulehelsetenesta, skulen og eleven deltek. PPT kan kallast inn om nokon ynskjer det. I drøftingsmøtet skal partane komme fram til konkrete, gjennomførbare tiltak, eventuelt i samarbeid med andre instansar.

5.

Når ein elev sitt samla fråvær overskrider 15 dagar, vil heimen verte informert. Heim og skule vil samarbeida om eventuelle tiltak.

6. Dersom ein elev forlet skulen utan løyve, vert dei føresette kontakta straks. Skulen prøver i samarbeid med heimen å spora opp eleven.

Våren 2022